



Sjå adresseliste

Vår ref.: 2026/129-3	Sakshandsamar: Sonja Lien Skjevraak sonja.lien.skjevraak@bykle.kommune.no	Dato 17.04.2026
-------------------------	---------------------------------------------------------------------------------	--------------------

VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID FOR KOMMUNEDELPLAN FOR KOMMUNALE VEGAR 2027-2037 OG HØYRING AV PLANPROGRAM

Bykle kommune varslar med dette oppstart av arbeid med Kommunedelplan for kommunale vegar og offentlig høyring av forslag til planprogram etter vedtak i kommunestyret 26.03.2026, sak 27/26.

Bykle kommune har ansvar for forvaltning, drift og utvikling av det kommunale vegnettet. Vegnettet er avgjerande for trafiktryggleik, beredskap, næringsliv, trivsel og utvikling.

Det er eit aukande behov for systematisk prioritering av midlar til vedlikehald og investeringar. Samstundes reiser det seg prinsipielle spørsmål om kva for vegar som skal vere kommunale eller private.

Målet med planarbeidet er betre politisk styring av prioriteringar og ei meir føreseieleg fordeling av midlar. Planen skal gi oversikt over vedlikehaldsettersele og -behov, og bidra til meir systematisk klimatilpassing. Planen vil også avklare prinsipp for klassifisering av kommunale vegar og eventuelle kriterium for overtaking av private vegar. Kommunedelplanen skal styrke koplinga mellom arealplanlegging og vegutvikling.

Planprogram

Planprogrammet forklarar føremålet med planen, framdrifta for arbeidet og dei temaa som skal utgreiast nærare i planprosessen. Tema i planprogrammet er ikkje endelege, og kan bli justert etter innspel dersom det er føremålstenleg.

Framlegg til planprogram følgjer dette brevet og ligg også tilgjengeleg på kommunen si nettside www.bykle.kommune.no. I tillegg finn de saksprotokoll frå politisk behandling i kommunestyret vedlagt.

Frist for innspel

Frist for innspel til planarbeidet og planprogrammet er **2. juni 2026**.

Innspel må vere skriftlege og kan sendast til post@bykle.kommune.no eller Bykle kommune, Sarvsvegen 14, 4754 Bykle.

Meir informasjon

Plandokumenta finn du på kommunen si nettside under *Høyringar og kunngjeringar*.

Du kan også kontakte Bykle kommune på tlf. 37 93 85 00 for spørsmål om planarbeidet eller for å få tilsendt dokumenta.

Heimel

Oppstart av planarbeidet blir varsla i medhald av plan- og bygningslova § 11-12.

Planprogrammet blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf. § 4-1.

Med helsing
Bykle kommune

Sonja Lien Skjevraak
Rådgjevar plan

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.

Adresseliste:

Agder fylkeskommune
Statsforvalteren i Agder
Statens Vegvesen
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Å Energi AS
Setesdal Brannvesen IKS
Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS
Barna sin representant i plansaker
Ressursgruppa for hyttevelforeiningane
Bykle næringslag
Hovden næringslag
Bykle barne- og ungdomsskule
Setesdal vidaregåande skule avd. Hovden
Fjellgardane skule
Bykle ungdomsråd
Eldrerådet i Bykle
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne i Bykle
Fortidsminneforeningen Aust-Agder lokallag
Politi Agder
Forsvarsbygg
Otra Kraft DA
Destinasjon Hovden AS
Bykle og Hovden Vekst AS
Beredskapskoordinator i Bykle kommune

Vedlegg:

- 1 Planprogram plan for kommunale vegar
- 2 Saksprotokoll Vedtak av planprogram Kommunedelplan for kommunale vegar 2027-2037